



Referanse: Illust AC - Free Stock Clipart

Handlingsplan i møte med bekymringsfullt elevfråvær-
skulane i Øygarden kommune.

Innleiing

“Det er godt å vekse opp i Øygarden” er eit av delmåla i samfunnsdelen til kommuneplanen. Strategiane tidleg innsats, systematisk kvalitetsutvikling som sikrar trivsel og utvikling, og førebygging av mobbing, utanforskap og psykiske vanskar hos unge, er alle relevante i handtering av skulefråvær.

Årsakene til eit barns fråvær frå skulen kan vere samansette, utfordringa er kompleks og kan krevje innsats frå fleire for å lykkast. Konsekvensane av skulefråvær er redusert sosial, fagleg og personleg utvikling hos det enkelte barn, belastning på familie, foreldre og søsken, og risiko for langsiktige konsekvensar som redusert deltaking i arbeids- og famieliv i vaksen alder.

Denne handlingsplanen er skulen og tenestene sitt verktøy for registrering, identifisering, tidleg innsats, kartlegging og oppfølging når ein elev viser teikn til bekymringsfullt skulefråvær.

Målsetting

Planen skal nyttast i grunnskulen i Øygarden kommune. Den skal brukast til å førebyggje utvikling av skulefråvær og i samarbeid med føresette og andre instansar for å kartlegge og utarbeide ein stafettlogg for den enkelte elev.

Oppbygging av planen

Planen beskriv rutinar for korleis skulane skal registrere og identifisere fråværsmonster hos enkeltelevar for å handle tidleg ved bekymring. Vidare er verktøy for kartlegging og tiltak ved identifisert fråvær presentert. Som vedlegg ligg teoretisk bakgrunn for felles forståing av bekymringsfullt skulefråvær.

Definisjonar

I ein handlingsplan er det nødvendig med felles konsensus omkring omgrep. I Øygarden kommune har vi fokus på tidleg innsats. Alt fråvær *kan* bli problematisk for barnet. Vi nyttar difor følgande definisjon:

Bekymringsfullt skulefråvær er fråvær frå undervisninga og det sosiale fellesskapet i skulen, dokumentert eller udokumentert, av eit omfang/hypighet som medfører bekymring for eleven si faglege og sosiale utvikling og sosiale tilhørighet (Udir, 2024) [Hva sier forskning om bekymringsfullt fravær? | udir.no](https://www.udir.no/om-udir/utvikling-og-utdanning/utvikling-og-utdanning-i-grunnskolen/bekymringsfullt-fravær)

Når kan det vere grunn til bekymring?

Lista er ikkje uttømmende, men viser til situasjonar som kan gje grunn til å avklare med elev og føresette om det er grunn til bekymring.

- Meir enn 4 enkeltdagar fråvær i løpet av 4 veker
- Det er uklare meldingar om årsaker til fråværet frå elev/føresette
- Fråværet påverkar familiens kvardag
- Eleven har vanskar med å møte på skulen fordi det føles ubehagelig og/eller unngår skulen (maks 1-2 veker)
- Eleven trekker seg unna, går ofte tidleg heim, vandrar i gangane, unngår folk og mistar kontakt med lærar og vener
- Eleven har ofte fråvær i enkelttimar, enkeltfag eller som gjentakande forseintkomming
- Eleven er på skulen, men har langvarige plager som vondt i hovudet, kvalm, klump i magen, sliten o.l.

Interne rutiner for fråværs-handtering

	Når	Ansvar
Informasjon om fråværs-handtering		
Handlingsplan for fråværs-handtering gjennomgås på foreldremøter på hausten	På hausten	Kontaktlærer og avdelingsleiar
- For elevar som byrjar på skulen i løpet av skuleåret skal føresette orienterast	Fortløpande	Kontaktlærer
Handlingsplanen skal vere tilgjengeleg på skulen sine nettsider	Kontinuerlig	Skuleleiing
Informasjon til elevar om fråværsrutiner i klassemøter	Klassemøter haust og vår	Kontaktlærer
Registrering og identifisering		
Sikre at alt fråvær blir registrert	Dagleg	Kontaktlærer og timelærer
Gjennomgang av klassens fråværsprotokoll	Ein gong i veka	Kontaktlærer
Melde bekymringsfullt fråvær til avdelingsleiar	Ved bekymring	Kontaktlærer
Gjennomgang/holde oversikt over fråværet på dei ulike klassetrinna	Ein gong i månaden	Rektor/skuleleiing
Ved avdekking av bekymringsfullt skulefråvær, følg handlingsplan	Snarast	Kontaktlærer
Føresette		
Føresette skal gje beskjed når eleven møter på skulen etter press eller ved vegringsatferd	Ved bekymring	Føresette, melding til kontaktlærer
Føresette skal gje skriftleg beskjed ved alle former for fråvær	Frå første dag	Føresette via skulens fråværs-system
Ugyldig fråvær		
Når eleven ikkje møter på skulen og fråværet ikkje er meldt tek skulen kontakt med føresette	Frå første time	Kontaktlærer/administrasjon
Ugyldig fråvær i skuletida	Umiddelbar kontakt med føresette etter oppdaga fråvær	Kontaktlærer/administrasjon
Ved enkelttimar ugyldig fråvær skal føresette informerast og skulen ha samtale med eleven	Etter oppdaging av fråværet	Kontaktlærer
Ved gjentakande ugyldig fråvær eller forseintkommingar skal føresette og elev ha samtale med skulen	Etter oppdaging av fråværs-mønster	Kontaktlærer
Om eleven forlèt skulen etter oppmøte skal føresette informerast	Når eleven forlèt skulen	Kontaktlærer/administrasjon

Handlingsplakat ved bekymringsfullt skulefråvær

Nivå 0	▪ Føresette melder skriftleg bekymring for sitt barn til kontaktlærer ved vegringsatferd som vondt i magen, hodepine, sliten, vil ikkje gå på skulen ▪ Avd.leiar og kontaktlærer drøftar situasjonen om det er identifisert fråvær som gjev grunn til bekymring ▪ Kontaktlærer ringer føresette for å avklare bekymring innan ein dag ▪ Dersom det er behov for å setje i verk tiltak, gå til nivå 1
Nivå 1	▪ Avtal kartleggingssamtale mellom barnet, føresette og kontaktlærer innan ei veke ▪ Lag ein samarbeidsavtale med tiltak; heime og på skulen. Stafettlogg kan og nyttast. ▪ Evaluer etter 3 veker. ▪ Skule kan også drøfte situasjonen med PPT-kontakt eller helsesjukepleier, anonymt eller med samtykke ▪ Dersom tiltak har hatt effekt, fortsett med same tiltak eller lag nye tiltak og evaluer jevnlig til situasjonen er stabil ▪ Dersom tiltak i samarbeid mellom heim og skule ikkje gjev effekten ein ønskjer kan skulen kople på PPT-kontakt og/eller helsesjukepleiar, og gå til nivå 2/3
Nivå 2	▪ Samarbeidsmøte med barnet, føresette, skule og involvert instans (skulehelsetenesta eller PPT) ▪ Grundigare kartlegging av læringsmiljø, språkvanskar, fagvanskar, psykisk helse m.m. Prosedyrer og rutiner hos PPT og skulehelsetenesta. Gjer ei «<i>Barnets beste vurdering</i>». ▪ Evalueringsmøter kvar tredje veke for status og framdrift
Nivå 3	▪ Samarbeidsmøte med to eller fleire instansar i tillegg til skulen og føresette og barnet ▪ På same måte som på nivå 2, men fleire tenester/instansar er involvert.

Registrering og identifisering av fråvær (BTI nivå 0)

Registrering av fråvær og vegringsatferd

Føresette skal registrere fråvær i skolens fråværssystem. Dersom fråværet ikkje blir registrert skal lærar ta kontakt med føresette for å avklare fråværet.

Føresette skal sende melding til kontaktlærar dersom barnet viser teikn på vedvarande vegringsatferd (1-2 veker) eller gir uttrykk for at barnet ikkje vil på skulen. Vegringsatferd kan vere kvalme, vondt i magen, vondt i hovudet, sliten, nedstemthet og engstelse. Informasjon om rutinar for handtering av skulefråvær skal skulen gje føresette på foreldremøter.

Kontaktlærar går gjennom klassens fråværsprotokoll ein gong i veka. Det er kontaktlærar sitt ansvar å melde vidare til skuleleiing når ein vert bekymra for eleven sitt fråvær.

Telefon til føresette

Når kontaktlærar får melding frå føresette om vegringsatferd eller fråvær er identifisert ved gjennomgang av fråvær, skal kontaktlærar ringe føresette neste dag (vedlegg 1).

Tidleg innsats ved fråvær (BTI nivå 1)

Samtale mellom barnet, føresette og kontaktlærar (eller annan vaksen på skulen)

Dersom det er behov for å setje i verk tiltak, avtalar kontaktlærar eit møtepunkt for kartleggingssamtale med føresette og barnet på skulen. Det kan vere fint at barnet i forkant av samtalen har fylt ut skjemaet som ligg i vedlegg 2, det kan fungere som eit utgangspunkt for samtalen. Vedlegg 3: "Støtte til kartleggingssamtale kan nyttast ved behov. Det er utarbeida ein idébank med tiltak ein kan anbefale og prøve ut (vedlegg 5). Tiltaka skal skrivast i stafettlogg eller i mål og tiltaksplan (vedlegg 4). Denne skal evaluerast etter tre veker. I tillegg kan det vera fint å bruka trappa i vedlegg 6 saman med eleven. Informasjonsskrivet ["10 råd til føresette ved skulefråvær"](#) skal gjerast tilgjengeleg for føresette. Ved behov for støtte og hjelp i arbeidet (BTI nivå 2 og 3), sjå [BTI-retteleiar](#)en.

Dersom tiltak i samarbeid mellom heim og skule ikkje gjev effekten ein ønskjer kan skulen kople på PPT-kontakt eller helsesjukepleiar. Både PPT-kontakt og helsesjukepleiar kan vere ein samarbeidspartnar som kan bidra med kartlegging av situasjonen, lage ein plan saman med skulen, føresette og elev, og gje hjelp og støtte.

Helsesjukepleiar kan kartlegge somatisk og psykisk helse, gje rettleiing til foreldra og ha støttesamtalar med elev og/eller føresette. Vidare kan helsesjukepleiar visa til kommunepsykolog, fastlege og ulike kurs.

PPT-kontakt kan rettleie skule både på individ- og systemnivå, rettleie føresette, gjennomføre utgreiing av årsaker til fråvær; lærevanskar, psykiske vanskar, sosiale vanskar, psykososialt miljø, og anbefale tilretteleggingstiltak.

Ei barnets beste vurdering er ei strukturert vurdering i saker som gjeld barn. For å kunne vurdere konkret kva som er barnets beste, må ein ha kunnskap om situasjonen og behova til det aktuelle barnet eller den bestemte gruppa barn. Kva barnets sjølv meiner er ein viktig del av kunnskapen i ei barnets beste vurdering, og det er nær samanheng mellom barnets beste og barns rett til å bli høyrte (Barneombudet).

Oversikt over vedlegg:

1. Støtte til telefonsamtale
2. Kartlegging av skulesituasjonen (Korleis har du det på skulen?)*
3. Støtte til kartleggingssamtale mellom elev, føresette og kontaktlærer
4. Mål og tiltaksplan*
5. Eksempel på tiltak som ofte blir brukt ved ulike grader av skulefråvær
6. Skjema med trapp*
7. Plakat - 10 råd til lærerar
8. Plakat – 10 råd til føresette
9. Teoretisk bakgrunn

*Henta frå [Livet&sånn](#)

Støtte til telefonsamtale (vedlegg 1)

Refleksjonsspørsmål til kontaktlærer
Kan du sjå eit mønster i fråværet eller vegringsatferden til eleven? Kan fråværet/vegringa vere knytt til at eleven forsøker å unngå spesielle fag, situasjonar, personar eller aktivitetar?
Veit du at eleven har det trygt og godt på skulen og skulevegen?
Kva veit du om eleven si oppleving av meistring; både fagleg og sosialt?
Kva veit du om eleven si oppleving av trivsel og tilhørighet?
Kven er viktige vaksne på skulen for eleven og korleis fungerer desse vaksenrelasjonane?
Kven er viktige medelevar eller vener for eleven? Korleis fungerer desse relasjonane?
Spørsmål å stille føresette i telefonsamtale
Korleis vil de beskrive barnets utfordring med å komme på skulen? Kva handlar det om?
Korleis opplever de barnets generelle trivsel på skulen og på fritid?
Blir barnet plaga eller mobba på skulen, skulevegen eller på fritida?
Beskriving av eventuell vegringsatferd i heimen: - Er det vanskeleg å få barnet til å gjere seg klar til å gå på skulen om morgonen? - Har barnet fysiske plager i forbindelse med krav om skuleoppmøte, men er ellers frisk?
Dersom barnet har fråvær frå skulen, kva skjer i skuletida? Kva gjer barnet heime?
Er det helsemessige forhold som er av betydning for barnets fungering og fråvær? (eventuell sjukdomshistorikk, søvnrytme, matlyst etc).
Har det skjedd plutselige endringar eller belastningar i familien som kan sjåast i samanheng med elevens vanskar? (Skilsmisse, flytting, søsken, sjukdom etc.)
Er det andre instansar som er involvert omkring barnet eller i familien?
Kven i nettverket kan vere til hjelp?
Kva tiltak er prøvd i heimen og korleis har desse fungert? (Morgonrutinar, bytte av roller mellom føresette, samtale med barnet).
Kva meiner føresette må til for at barnets skulekvardag skal fungere betre?

KORLEIS HAR DU DET PÅ SKULEN? (vedlegg 2)

KOR GODT STEMMER PÅSTANDANE FOR DEG?				*
«Eg likar klassa mi»				
«I klassa mi er vi stort sett snille med kvarandre»				
«Eg har nokre trygge venner på skulen»				
«Eg likar plassen eg har i klasserommet»				
«Eg føler meg trygg på ein eller fleire av dei vaksne på skulen»				
«Eg klarer å følge med i timen»				
«Eg får med meg beskjedar som blir gitt»				
«Eg klarer å komme i gong og gjere det eg skal»				
«Eg føler at eg får den hjelpa eg treng på skulen»				
«Eg føler at eg klarer det som forventast av meg»				
«Eg føler at eg får vist kva eg kan på skulen»				
Dersom nokon sanseintrykk (syn, lukt, lyd, anna) er plagsame så skriv det inn på gult eller raudt:				
Skriv dei ulike faga du har på raudt, gult eller grønt alt ettersom kor godt du likar dei. Du kan gjerne fortelje litt om kva som gjer at du plasserer dei der.				
KORLEIS ER DETTE FOR DEG NO?				
Å vere i klasserommet og lytte til undervisning				
Å vere i klasserommet og jobbe med oppgåver sjølv				
Å vere i klasserommet og jobbe to og to				
Å vere i klasserommet og jobbe i grupper				
Å skifte frå eit fag til eit anna				
Å vere i garderoben før/etter kroppsøving				
Å ha friminutt				
Å dra til skulen				
Å dra heim frå skulen				
Å gjere skulearbeid heime				
Å vere på SFO				

*Om eleven vil utdjupe så set nummer i den siste ruta, og skriv på baksida eller på eit anna ark.

Støtte til kartleggingssamtale mellom elev, føresette og kontaktlærer (vedlegg 3)

Barnets meningar skal alltid vektleggast, og det er viktig å gjere ein god prosess på å sikre barnets medverknad. Det er barnet som veit kor skoen trykker og ved å involvere barnet i prosessen vil tiltak treffe betre.

Oppstart av samtalen
Bruk tid på å starte samtalen. Snakk om det som interesserer eleven og vis at du oppriktig er interessert i elevens perspektiv og oppleving av situasjonen.
Fortell om formålet med samtalen. Oppsummer kva som gjer skulen og/eller føresette bekymra. Bruk objektive beskrivingar av konkrete hendingar. Legg vekt på ei god og trygg atmosfære, fri for moralisering og anklager.
Det kan vere lurt å starte med å fokusere på kva som fungerer og kva eleven trivast med, fordi det kan vere vanskeleg å få tak i kvifor det er vanskeleg å gå på skulen. I staden for å grave etter "kvifor", prøv heller å finne ut kva som skal til for at eleven <i>vil/klarar å</i> vere på skulen.
Innhald i samtalen
Ta utgangspunkt i skjemaet "Kartlegging av skulesituasjonen" dersom eleven har fylt ut dette, eller bruk timeplanen som utgangspunkt for å gjere det mest mogeleg konkret for eleven.
Kven vekker deg om morgonen? Kva gjer du då? Korleis går det å gjera seg klar til å dra til skulen?
Korleis kjem du deg til skulen? Kva skjer når du kjem til skulen? (Går du bort til dei andre? Kven snakkar du med?)
Kva fag og aktivitetar likar du på skulen?
Er det aktivitetar, fag eller situasjonar du opplever som vanskelege eller ubehagelege på skulen? <i>(eks: lese høgt, svare på spørsmål framfor klassen, prøver, kroppsøving, fag der eleven må eksponere seg i ei gruppe, snakke med vaksne på skulen, be læraren om hjelp, jobbe saman med eller leike med medelevar, bruke toalett på skulen, ete i klassen, reise heimefrå om morgonen, gå frå foreldrene, å ha nokon å gå saman med på skulevegen/på bussen)</i>
Kven av dei vaksne på skulen vil du snakke med når noko er vanskeleg?
Kven likar du best å vere saman med av elevane på skulen?
Korleis er friminutta for deg? Har du nokon å vere saman med?
Syns du skulekvardagen er oversiktleg og forutsigbar? Veit du kva som skal skje, kven du skal vere med og korleis det skal skje?
Har du oversikt over skuledagen og skuleveka, kven av lærarar og andre vaksne som skal vere med klassen, kven du kan gå til om du treng å snakke med nokon?
Korleis opplever du SFO (om barnet går der)?
Er det aktivitetar utanfor skulen i skuletida som gjer det fristande for deg å ikkje møte opp? <i>(eks. dataspel, møte vener, shopping, god mat, andre hyggelege ting som skjer heime)</i>
Kva gjer du om du er heime frå skulen?
Korleis ser du føre deg at skuledagen din bør vere for at det skal vere lettare for deg? • Kva kan eg som lærar gjere? • Kva kan mamma og/eller pappa gjere? • Kva kan du gjere sjølv?

Utarbeid tiltak basert på det som er kome fram i samtalen og skriv dei ned i ein samarbeidsavtale.

MÅL OG TILTAKSPLAN (vedlegg 4)

Dato

Problem/utfordring basert på kartleggingsskjemmet:	Korleis ønskjer eleven at det heller skal vere? MÅL	Kva kan vaksne på skulen gjere?	Kva kan vaksne heime gjere?	Er det noko eleven kan gjere?

Eksempel på tiltak som ofte blir brukt ved ulike grader av skulefråvær (vedlegg 5)

Tiltak heime
Roller og rutinar i heimen: Det kan ha positiv effekt på ein fastlåst situasjon at mor og far byte roller eller bryte faste mønstre i familien. Kommunikasjon: Det kan vera positivt for barnet om ein etablera faste samtalar med barnet. Det kan vera samtalar der foreldra snakkar om barnet sine interesser og anerkjenning av den barnet er. Samtalane kan handla om skulekvardagen – kva som utfordrar og kva som fungerer. Det er spesielt viktig at mor og far vise at dei kan ha ein god dialog sjølv om barnet bur i to heimar. Dersom barnet bur i to heimar, kan eit av tiltaket vera å gjera noko saman med barnet eller ha ein fast samtale saman. Dersom samarbeidet mellom mor og far er prega av konflikt, er det viktig å ha eit fokus på finna tiltak som kan bidra til å dempe konfliktnivå. Viktig å oppsøke hjelp om dette blir for krevjande å handtera sjølve. Foreldre/føresette må vere tydelege på at barnet skal på skulen, samtidig som dei kan trygge barnet på at det vil få hjelp og støtte til å meistre skulekvardagen Begge foreldre/føresette må tydeleg kommunisere at dei er samd om at barnet skal på skulen, og støtte kvarandre i oppgåva om å få barnet dit.
Levering på skulen: Levering på skulen er som oftast utfordrande i dei tilfella barn gruer seg til å gå på skulen. Faste rutinar i samarbeid med skulen vil gjera leveringa meir forutsigbar. Barnet treng ein vaksen som klarar å halda eigne følelsar i sjakk og er trygg i situasjonen. Foreldre kan søkje rettleiing i deira eiga reaksjonsmønster dersom dei opplev levering som utfordrande. Kan andre enn foreldra levera på skulen? Det kan vera viktige ressurspersonar i familie og nettverk som kan bety ei viktig rolle. Redusert arbeidstid/sjukmelding for ein periode eller avtale med arbeidsgivar om tilrettelegging.
Skulearbeid heime: Redusert skulearbeid kan vera eit viktig tiltak for å redusera konflikt og stress for barnet. Foreldra kan gjera gode avtalar med skulen på kva som er best tilpassing for barnet. Førebuing til ny skuledag og veke: Gjennomgang av vekeplan kan for nokon elevar vera til god hjelp og gjer at dei kjem førebudd til skulen. Ikkje alle elevar likar ein slik oversikt og blir overvelda når det vert for mykje informasjon på ein gong.
Fritidsaktivitet: Støtte til å halda på fritidsaktivitetar er viktig fordi vegring for å gå på skule kan og visa seg i forhold til å det å gå på fritidsaktivitetar og vera sosial på fritid. Oppretthalde vennskap: Når elev har vegringsåtfærd eller fråvær frå skulen, kan det bli for nokon utfordrande å halda på gode vennskap. Det er viktig med støtte til å ta kontakt og oppretthalda vennskap, gå på besøk og invitera til besøk på ettermiddag.
Døgnrytme: Opprettheld fast og tydeleg døgnrytme i heimen. En forskyvd døgnrytme kan gjere det vanskelegare for barnet/ ungdommen å stå opp og motiverast for skoledagen. Ha faste rutinar på morgonen og berekn god tid før skolen begynner. På fråværsdagar: Viss barnet er heime frå skulen er det viktig at dagen framstår med same rutinar som ein vanlig skuledag, og at det vert stilt krav om arbeid med skulefaglege aktivitetar. Barnet bør i liten grad få tilgang til TV, PC-spill eller aktivitetar med foreldre/føresette i skuletida når barnet er heime frå skulen. Foreldrenærvær: Foreldre/føresette som er heime på dagtid kan i nokre tilfelle forsterke fråværet og vegringa til. Foreldre/føresette bør i slike tilfelle vurdere om dei ein periode bør utføre aktivitetar utanfor heimen i skuletida.
Positiv tilbakemelding: Gi belønning og ros ved oppnådde delmål i prosessen med å få barnet tilbake på skulen. Motiver barnet og auk trua på mestring av skulekvardagen. Gjer hyggelege aktivitetar saman utanfor skuletid. Hjelp barnet til å ha kontakt med jamaldringar i fritida. Oppretthald barnet si deltaking i fritidsaktivitetar.
Støtte og rettleiing til foreldre: Dersom ein som foreldre ynskjer å få råd og rettleiing så har kommunen ulike hjelpeteneste...Ta kontakt med(Auke bevisstgjeriing på korleis foreldra sitt handlemønster påverkar barnet.)

Tiltak på skulen
Faste samtalar med elev/"banking time": Samtale med barnet til avtalte tider kan styrka relasjonen mellom kontaktlærer og elev. Her kan fokuset vera på anerkjennande tilbakemeldingar, bli betre kjent og oppnå god oversikt over korleis eleven har det i skulekvardagen. Legge vekt på tryggleik i overgangar, informasjon om kva som skal skje delvis eller til ei kvar tid gjennom heile dagen. Det kjem an på behovet til barnet. Gjere avtalar med elev dersom elev er redd for å lese høgt eller gjera anna skulearbeid i klasserom.
God tilpassing av undervisninga: Det ligg til den enkelte kontaktlærer sitt ansvar å kartlegge fagleg nivå/utbyte hos elevane. Om ein lærar er usikker på om eleven får tilfredsstillande utbyte av undervisninga/har behov for tilpassing, må læraren greie ut dette, evt konsultere spesialpedagogisk koordinator ved skulen, PPT eller andre relevante (jf Opplæringslova, kap. 11).
At skulen held kontakt med heimen: Skulen tek ansvar for kommunikasjonen med heimen når elevar har fråvær som er bekymringsfullt. Ved lengre vedvarande fråvær (uavhengig av grunn) må skulen sørgje for at eleven og heimen får all informasjon som er nødvendig for å «halde følge». I enkelte tilfelle kan besøk frå skulen (både lærar og elevar) bidra til å gjere tilbakeføring etter fråvær enklare.
Levering på skulen: Skulen må lage klare avtalar med foreldra om korleis ein skal samarbeida. Er behovet at skulen møter elev på parkeringsplass? På grupperom med miljøterapeut? Løysinga sit ofte eleven med sjølv. Avtale helt konkret med eleven og foreldra korleis avskjed skal skje.
Kartlegging av det psykososiale miljø: Søk opp TIF modellen for rettleiing.
Omvendt integrering: Dersom friminutt er overveldande for eleven kan eit tiltak vera å la eleven vera fast inne i friminutt saman med ein eller fleire elevar frå klassen han/hun er trygg på
Tilrettelegging i friminutt: Organiserte friminutt kan bidra til å skapa tryggleik og inkludering i fellesskapet. Leiken kan vera planlagt eller elev kan trengjer hjelp til å avtala med medelevar at dei skal vera saman i friminuttet. Vaksenstyrte aktivitetar. Støttegrupper.
Redusert skuledag eller færre skuledagar: Kan brukast som eit tiltak for å auka nærvær. Dette må trappast opp og ikkje brukast der eleven i utgangspunktet kjem på skolen, men treng tilrettelegging for å vere der. Da må tilrettelegging på skolen prioriterast.
Når elev ikkje kjem på skulen: Dersom elev ikkje går på skulen i ein periode er det viktig å vedlikehalde relasjonen. Her kan skulen laga helsingar frå elevane, nokon utvalde kan gå på heimebesøk, ein kan levera helsingar på døra, møter på teams, telefonsamtalar, brev. Bruke kreativiteten. Små ting kan bli veldig viktig i å halda på relasjon.

TRAPP FOR DATO:.....

- Denne trappa si hensikt er å avklare kva som er målet at du skal klare, meistre og trivast med ei periode framover.
- Kva kan stå på øvste trinn? Det treng ikkje vera at du skal vera med på alt av skule som vanleg. Det kan t.d. vera at du skal ha det bra, eller noko du har som mål lenger framme i tid.
- Lag trinna slik at dei heller er litt for enkle, enn for vanskelege.
- Prøv å halda dykk til avtalen i kvart trinn, og ikkje fokuser så mykje på å gjera meir før de kjem til neste trinn.



10 råd til lærarar som har ein tom pult i klasserommet

1. Kontakt foreldre og spør kvifor eleven ikkje kom på skulen.
2. Finn ut om det har skjedd endringar i livet til eleven.
3. Finn ut om det er spesielle dagar eller timar eleven er vekke.
4. Spør eleven kva skulen kan gjere for å hjelpe.
5. Tilrettelegg for eleven.
6. Planar og avalar må ikkje brytast, for eksempel; sleppe å lese høgt.
7. Avtal med barnet at det kan gå ein trygg stad på skulen eller til ein avtalt person dersom noko blir vanskeleg i løpet av skuledagen.
8. Sikre forutsigbarhet i skulekvardagen.
9. Involver foreldre slik at dei er trygge og tør legge mildt press på barnet om å gå på skulen.
10. Dersom problemet ikkje løysast; kontakt PP-tjenesten eller helsesjukepleiar.

Kjelde: Trude Havik, 2024



10 råd til føresette ved skulefråvær

1. Snakk med barnet ditt

Prøv å finne ut kva som gjer at hen ikkje vil eller klarer å gå på skulen. Spør om barnet har nokon å vere saman med på skulen. Ver konkret når du spør og bruk god tid.

2. Kontakt skulen så fort som mogeleg

Spør om dei har lagt merke til at barnet har endra seg enten fagleg eller sosialt. Ikkje vent å sjå. Her spelar tidsfaktoren ei stor rolle og skule-heim-samarbeidet er avgjerande.

3. Gjer ein avtale

At barnet fortel om vondt i magen eller hovudet, er ofte eit av dei første teikna på skulevegning. Dersom barnet klagar på vondt, bør hen likevel gå på skulen med avtale om å kunne gå heim igjen dersom det blir verre i løpet av dagen. Gje samtidig læraren beskjed om avtalen. Som regel blir ikkje barnet dårlegare av å gå på skulen, overgangen mellom heim og skule er ofte det verste. Vi veit at fråvær avlar fråvær og at jo lenger eleven er vekke, jo vanskelegare blir det å komme tilbake.

4. Utøv eit mildt press

Ikkje ver for ettergjevande. Snakk med læraren om korleis barnet ditt har det på skulen. Har hen det trygt og godt eller foregår det mobbing? Er det eit dårleg læringsmiljø? Du må kjenne deg trygg på at barnet ditt har det trygt og godt på skulen dersom du skal klare å stå i jobben med å få hen på skulen.

5. Ikkje gjer det for attraktivt å være heime

Gjer dagar heime mest mogeleg lik ein skuledag.

6. Ta barnet med til legen

Dersom barnet ofte klagar på vondt i mage eller hovud eller er unormalt sliten, bør barnet få ei vurdering av lege. Ein bør samtidig forsøke å gå på skulen den perioden vurderinga pågår.

7. Oppretthald ein normal kvardag

Dersom barnet er heime bør hen stå opp til vanleg tid og gjere seg klar til ein ny skuledag på same måte som når hen skal på skulen. Få barnet til å gjere skulearbeid og følgje klassen sine arbeidsplanar så langt det lar seg gjere. Kontakt kontaktlærar for eit samarbeid om dette.

8. Framsnakk skulen

Trekk fram det barnet likar ved skulen og snakk positivt om skulen, lærarar og medelevarane heime.

9. Ha gode rutinar

Det er viktig at det same skjer kvar kveld ved leggetid og om morgonen. Barnet bør legge seg til fast tid og få nok søvn. Om barnet brukar mykje tid på mobil eller nettbrett når det skal sove, bør du ta vekk dette.

10. Ikkje føl skyld

Det er aldri éin person si skuld eller éin enkel grunn til at eit barn ikkje vil gå på skulen. Grunnane til det er ofte samansette. Å føle skuld fører ikkje til noko positivt verken for dei vaksne eller for barnet. Hugs at du ikkje er åleine om å streve med dette og at openheit om det som er vanskeleg både heime og på skulen er vegen å gå.

Kjelde: Trude Havik, 2017

Teoretisk bakgrunn (vedlegg 9)

Årsaksfaktorar

Årsakene til eit barns fråvær frå skulen kan vere samansette, mange og ulike. Elevar med bekymringsfullt skulefråvær opplever noko i livet som vanskeleg, og responsen eller symptomet er fråvær. Difor er det viktig å adressere meir enn fråværet for å treffe med tiltaka ein vel. Og det er vesentleg at utfordringa forstås i eit heilskapleg perspektiv.

Risiko- og beskyttelsesfaktorar:

	Risikofaktorar	Beskyttelsesfaktorar
Faktorar hos barnet	• Sårbarhet for stress • Sjenerthet og innadvendthet • Psykiske vansker • Bekymringer for andre ting enn skole • Lav sosial kompetanse • Få/ingen venner	• God sosial kompetanse • Prososiale ferdigheter • Minst en god venn • Gode mestringsstrategier • Positivt selvbilde • Skolefaglig mestring
Faktorar ved familien	• Samspillsvansker i familien • Psykiske lidelser hos foresatte • Manglende grensesetting • Lite sosialt nettverk • Enslige foreldre • Foresatte med egne negative erfaringer knyttet til skole	• God psykisk helse hos foresatte • Tydelig grensesetting • Aktiv involvering i barnets skolehverdag • Støttende sosialt nettverk • Godt samarbeid mellom hjem og skole
Faktorar ved skule	• Mangelfulle rutiner for registrering og håndtering av fravær • Høyt lærerfravær • Dårlig klasse- og læringsmiljø * Liten kompetanse på psykiske vansker • Lite tilpasset opplæring • Liten forutsigbarhet i undervisningen	• Godt registreringssystem og oppfølging av fravær • Tydelig klasseledelse • Tilpasset opplæring • Trygg relasjon mellom lærer og elev og elevene imellom • Interne støttesystemer • Tidlig involvering av andre aktører • Handlingskompetanse på intervensjon ved skolevegving

Oppretthaldande faktorar:

Eit barns fråvær frå skulen kan ha opphav i ein eller fleire utløyssande faktorar, eks. enkelthendingar, manglande meistring, mobbing, manglande tilhørighet eller liknande.

Samtidig må vi vere observante på oppretthaldande faktorar ved fråvær. Det å vere vekke frå skulen over tid kan føre til sosial isolering, at barnet mistar tilhørighet til klassen, jamnaldrande og skulen. Barnet kan vidare bli hengande etter med skulearbeid og kan utvikle negative tankar om det å vere på skulen. Over tid kan barnet utvikle angst og ha ei oppleving av å komme til kort. Desse konsekvensane av fråvær gjer det vanskelegare og vanskelegare å komme tilbake til skulen.

Det er viktig å vere spesielt merksam etter feriar og helger, og ved overgangar frå barnehage/barne-/ungdomsskule, skulebytte, sjukdomsfråvær eller andre endringar heime eller i vennegjengen.

Relasjon mellom lærar og elev – ein viktig faktor

Skulen har ansvar for å etablere og eventuelt vidareføre positive relasjonar (mellom elev og vaksen) for å skape nødvendig tryggleik for eleven. Drugli & Nordahl (2014) beskriv at god kontakt mellom lærar og foreldre er viktig av fleire grunnar, men vil spesielt gjere seg gjeldande når elevar eksponert for ulike former for risikofaktorar.

Enkelte faktorar vert rekna som spesielt viktige i tilfelle der barn/unge har aukande grad av fråvær:

1. God emosjonell støtte frå lærar
2. Godt tilpassa undervisning
3. At skulen held kontakt med heimen

Kva inneber det å gi god emosjonell støtte? Det er ein sterk samanheng mellom ein elev si opplevde emosjonelle støtte frå lærar og depressive symptom, spesielt for jenter (Undheim, 2008). Dette omfattar behov for å «bli sett og anerkjent, bli tatt på alvor og bli forstått», i motsetnad til å vere «til bry». Ein god relasjon førebyggjer oppleving av nederlag (Pianta, 2000), og bidreg slik til at elevar lettare kan meistre utfordringar.

Anbefalt lesing:

- [Barnets beste i skolen - elevenes rettigheter og skolens juridiske plikter \(Pocket\) - Norli Bokhandel](#) (bok/hefte)
- [Håndtering av skolefravær | ARK Bokhandel](#) (bok/hefte)
- [Barnets beste – Barneombudet](#) (nettressurs med e-læring)
- [Hva sier forskning om bekymringsfullt fravær? | udir.no](#) (nettressurs)
- [Slik kan skolen håndtere bekymringsfullt fravær | udir.no](#) (nettressurs)
- [Skolefravær. En praktisk håndbok for skolen](#) (bok)
- [Fra fravær til fellesskap. Hva kan skolen gjøre?](#) (bok)